

# Tilstandsrapport for grunnskulen skuleåret 2017-2018

---

05.11.2018



BliMed dans Lindås ungdomsskule

# Grunnskulen i Lindås 2017-18

## Melding om kvalitet og utvikling

Det er fastsett i opplæringslova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) *Kvalitet i skolen* går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. av kommunestyret. Jf. Opplæringslova §13-10 andre ledd

### **Innhald i tilstandsrapporten**

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skoleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det blir gjort vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skoleeigaren og skolane som danner grunnlag for vurderinga.

Tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje data om vaksne. Skoleeigaren skal derfor bruke andre kjelder for datainnhenting på dette området.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdighetsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

### **Kvalitetsvurderingssystemet**

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstillе informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skole eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skolen og mellom skolane og resultatata i dialogen med skoleeigaren.

### **Det generelle systemkravet**

Skoleeigarane si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skoleeigaren har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten sitt minimum skal dekkje.

*Merk: Denne versjonen av tilstandsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformer, kan likevel vere på bokmål.*

# Innhald

<b>1. Samandrag</b>	<b>3</b>
<b>2 Hovudområder og indikatorar</b>	<b>4</b>
2.1 Elevar og undervisningspersonale	4
2.1.1 Talet på elevar og lærarårsverk	4
2.1.2 Elevtal fordelt på skular	4
2.1.3 Lærartettleik	5
2.1.4 Spesialundervisning	7
2.1.5 Særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar	9
2.2 Læringsmiljø	10
2.2.1 Elevundersøkinga	10
2.2.2 Mobbing på skolen (prosent)	13
2.2.3 Vidare arbeid med læringsmiljø	15
2.3 Resultat	16
2.3.1 Nasjonale kartleggingsprøvar i lesing og rekning	16
2.3.2 Nasjonale prøvar i lesing på 5., 8. og 9. trinn	18
2.3.3 Nasjonale prøvar i rekning på 5., 8. og 9. trinn	19
2.3.4 Nasjonale prøvar i engelsk på 5. og 8. trinn	21
2.3.5 Karakterar - matematikk, norsk og engelsk	22
2.3.6 Grunnskolepoeng	23
2.3.7 Vidare arbeid med resultat:	24
Tidleg innsats	24
STYRK prosjektet	25
2.3.8 Gjennomføring	26
Overgang frå grunnskole til VGO	26
<b>3 Skulefritidsordninga – SFO</b>	<b>27</b>
3.1 Tal barn i SFO	27
3.2 Mål og innhald	27
<b>4. System for oppfølging (internkontroll)</b>	<b>28</b>
4.1 Styrande dokument	28
4.2 Kunnskapsutvikling	29
4.3 Rapportering	29
4.4 Utviklingsarbeid – lokale og overordna satsingar	30
4.4.1 Dei Utrolige Åra (DUÅ)	30
4.4.3 Foreldresamarbeid – Etablering av kommunalt foreldreutval for barnehage og skule	31
4.4.4 MOT	31
4.4.5 Språkkommune	31
4.4.6 Betre læringsmiljø	32
4.4.7 Symjeopplæringa i kommunen	33
<b>5. Vaksenopplæringa</b>	<b>34</b>
5.1 Spesialundervisning for vaksne, opplæringslova §4A-2	34
5.2 Vaksenopplæring for innvandrarar	35
5.2.1 Grunnskuleopplæring for vaksne	35
5.2.2 Norskopplæring for vaksne innvandrarar	35
5.2.3 Elevtal fordelt på kommunar og type opplæring	35
5.2.4 Norskprøvene	36
5.2.5 50-timar samfunnskunnskap på eit språk deltakarane meistarar godt	36
<b>6 Konklusjon</b>	<b>37</b>

For å oppdatere innholdsfortegnelsen, markerer du denne setningen - så klikker du F9

# 1. Samandrag

## Elevar og undervisningspersonale

Skuleåret 17-18 hadde Lindås 1938 elevar, ein nedgang frå året før på 13 elevar. Nedgangen er innafør ramma av svingingar i elevtal dei siste 5 skuleåra. Talet på lærarårsverk gjekk ned med 5,6. Budsjettkuttet til lønn vart lettare enn venta p.g.a nedgangen i elevtal.

Lindås har prioritert å bruka dei statlege ordningane for vidareutdanning av lærarar og har dette året høgare prosentdel lærarar med godkjent utdanning etter nye kompetansekrav.

Lærartettleiken varierer med elevtalet på skulane, men i snitt hadde Lindås litt fleire elevar pr lærar på barnetrinnet og litt færre pr lærar på ungdomstrinnet samanlikna med året før. Lærartettleiken i Lindås er godt innafør norm for lærartettleik innført hausten 18.

Prosentdelen elevar som mottok spesialundervisning viser gledeleg nedgang over 3 år og var på 8,5. Lindås kommune nærmar seg landssnittet på 7,9 %. Årsverka til spesialundervisning går ikkje tilsvarende ned og viser at elevane som mottok spesialundervisning har store behov.

Talet på elevar med rett på særskild språkundervisning var 71, ein liten nedgang frå 16-17.

## Læringsmiljø

Elevane på 7. trinn sine svar på elevundersøkinga viser stabilitet eller positiv utvikling på dei fleste område. Indikatoren med størst auke på eitt år er *støtte frå lærarane*.

Resultata for 10 trinn viser betring på alle område bortsett frå motivasjon. Den positive utviklinga er størst for Utdanning og yrkesrettlegg.

Mobbetala for 7. trinn er gledeleg nok mest halvert sidan auken året før, og var nærare landssnittet, medan tala for 10.trinn viste ein svak auke. Skulane arbeider aktivt vidare med å betra elevane sitt psykososiale læringsmiljø som punkt 2.2.3 viser.

## Resultat

Dei nasjonale kartleggingsprøvene i lesing for 1.-3 trinn og rekning 2. trinn har som formål å fange opp elevar med svake ferdigheiter på ein eller fleire av delprøvene. Formålet er å finne dei 20 % av elevane som står i fare for å streve med grunnleggande ferdigheiter og som treng ekstra oppfølging. Utviklinga dei siste 3 åra viser ein markant nedgang i prosentdel elevar på eller under kritisk grense når det gjeld lesing, spesielt for 1. trinn. Resultata for rekning 2. trinn viser også ein liten nedgang i elevar under kritisk grense, men er meir sprikande.

Lindås sine resultat på nasjonale prøvar er framleis prega av for mange elevar på lågaste meistringsnivå og for få på høgaste. Resultata førre skuleår var i så måte svakast for 5. trinn, sterkare for 8. og sterkast for 9.trinn.

Resultat målt med standpunktkarakter, eksamenskarakter og grunnskulepoeng våren 2018 er godt.

Punkt 2.3.7 skildrar pågåande og vidare satsingar for læringsutbytte og resultat.

## Skulefritidsordninga

Det er skulefritidsordningar ved alle barneskulane. Storleiken varierer frå 10 barn til 120 barn. Tilsaman 384 barn går på SFO og 170 av dei har full plass. Aldersblandinga verkar positivt på trivsel. Foreldre melder om at det kan vera litt utrygt for dei yngste den første tida, så det er ein av faktorane ein arbeider med å betra.

## System for oppfølging

Kapittel 4 beskriv internkontrollsystem og pågåande satsingar i grunnskulen og saman med barnehage. Arbeidet med å betra symjeundervisninga er også tatt med der.

## Vaksenopplæringa

I år er både spesialundervisning for vaksne og vaksenopplæring for innvandrarar behandla i kapittel 5. Spesialundervisninga gjeld få elevar, men måten ein utfører undervisninga på, gjer ho meir treffsikker i forhold til elevane sine behov.

## 2 Hovudområder og indikatorar

### 2.1 Elevar og undervisningspersonale

#### 2.1.1 Talet på elevar og lærarårsverk

##### Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skoleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskole. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskoleopplæring.

##### Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning. Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomssteget. I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

##### Del av årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Indikatoren viser kor stor del av årstimane som er gjennomførte av undervisningspersonale med godkjend utdanning i dei fag og trinn dei underviser i.

#### Lindås kommune skoleeier | Fordelt på periode | Offentleg eigarform

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
Talet på elevar	1 954	1 946	1 920	1 951	1 938
Årsverk for undervisningspersonale	196,9	200,8	195,1	198,8	193,2
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	98,5	98,6	97,9	94,9	97,1

Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Antall elever og lærerårsverk, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

#### 2.1.2 Elevtal fordelt på skular

Skule	Elevtal (2016-17)	2017-18
Alversund	(352)	359
Eikanger	(78)	74
Kløvheim	(37)	36
Knarvik barneskule	(228)	226
Leiknes skule	(163)	167
Lindås barneskule	(206)	219
Myking skule	(54)	54
Ostereidet barneskule	(124)	123
Seim skule	(153)	146
<b>Totalt barnetrinn:</b>	<b>(1395)</b>	<b>1403</b>
Knarvik ungdomsskule	(328)	336
Lindås ungdomsskule	(128)	113
Ostereidet ungdomsskule	(100)	86
<b>Totalt ungdomstrinn:</b>	<b>(556)</b>	<b>535</b>
<b>Samla:</b>	<b>(1951)</b>	<b>1938*</b>

\* 24 elevar var gjesteelevar og finansiert av annan komune



## Eigenvurdering av elevtal, lærarårsverk og kompetanse

Talet elevar i den offentlege grunnskulen gjekk ned med 13 frå året før.

Den største nedgangen var på Osteredet og Lindås ungdomsskular, med 14 og 15 elevar. På Lindås ungdomsskule skuldast nedgangen at asylantane frå mottaket gjekk ut 10. trinn eller flytta. Nedgangen på Ostereidet hadde samanheng med små kull frå skulane i krinsen og at ingen 7. klassingar frå Leiknes valde å gå til Ostereidet ungdomsskule. For første gong hadde Ostereidet ungdomsskule to paralellar berre på eitt trinn. Knarvik ungdomsskule auka med 8 elevar, men det førte ikkje til kapasitetsproblem i 17/18. Elevtalet ved Knarvik ungdomsskule steig også i 18/19, og det måtte tilpassing av bygget til sommaren 2018.

Barneskulen som auka mest i elevtal var Lindås med 13. Auken skuldast til- og fråflytting på mest alle trinn. Skulen har god kapasitet i forhold til auken.

Prosentdelen av undervisningspersonale utan godkjent utdanning i fag og trinn dei underviser på, er 2,9. Dette er ein nedgang frå året før. Kommunen nyttar seg av dei statlege ordningane for vidareutdanning og hadde 15 lærarar som fullførte 30 studiepoeng vidareutdanning skuleåret 17/18. Av fag med kompetanskrav for undervisning var det 5 pedagogar som tok norsk, 4 som tok engelsk og 3 som tok rekning. Lindås kommune hadde 3 skuleleiarar i gang med rektorutdanning. Alle tre held fram med utdanninga inneverande skuleår.

### 2.1.3 Lærartettleik

#### Lærartettleik 1.-7. steget og 8.-10. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

#### Lærartettleik i ordinær undervisning


Lærartettleik i ordinær undervisning er ein indikasjon på tal på elevar per lærar i ordinær undervisning, der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskild språkopplæring ikkje vert medrekna. I andre samanhengar vert dette målet kalla gruppestorleik 2.

*Vennskapsveke og «hattedag» på Knarvik barneskule*



Kan inneholde data under publiseringsgrense.

## Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform



Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Lærertetthet, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

## Eigenvurdering av lærartettleik:

Lærartettleiken på 1.-7. trinn når spesialundervisning og andre timar til individuelle rettar er tatt med, viser 11,9 elevar pr lærar mot 11,2 året før, dvs litt lågare lærartettleik. For ungdomstrinnet er dei respektive tala 13,5 mot 14,2.

Høgare lærartettleik på ungdomstrinnet i 17/18 har samanheng med nedgang i elevtal på to av skulane og størretal timar til individuelle rettar blant anna til framandspråklege elevar på Knarvik ungdomsskule.

Lærartettleiken for ein kommune som Lindås med ujamn størrelse på skulane, vil naturleg liggja høgare enn for kommunar med større skular. Det er stor variasjon for lærartettleiken i Lindås kommune som tabellen under viser.

<b>Lærartettleik, gruppestørrelse 2, 2017/18</b>			
<b>Lindås kommune</b>			
	1.-4. trinn	5.-7. trinn	8.-10. trinn
Snitt i Noreg	15,4	16,9	18,5
Alversund skule	14,4	16,4	
Eikanger skule	10,8	15	
Kløyheim skule	7	12,6	
Knarvik barneskule	16,7	14,8	
Leiknes skule	14,5	17,8	
Lindås barneskule	14	14,9	
Myking skule	12,1	9,1	
Ostereidet barneskule	12,3	14,9	
Seim skule	12,3	14,9	
Knarvik ungdomsskule			18,8
Lindås ungdomsskule			17,3
Ostereidet ungdomsskule			14,7

Kjelde UDIR – kalkulator – GSI tal for 17/18

Norm for lærartettleik vart innført 2018/19 med grenser som vist under:

Norm gjeldande frå haust 18	16	21	21
Norm gjeldande frå haust 19	15	20	20

Skulane i Lindås hadde god lærartettleik sett opp mot norma.

## 2.1.4 Spesialundervisning

Grunnskulelova § 5-1-1 Rett til spesialundervisning:

*Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringsstilbodet, har rett til spesialundervisning.*

Udir, Veilederen spesialundervisning:

*Alle elevar skal tilhøre en basisgruppe/klasse, jf. opplæringsloven § 8-2. De skal være i denne basisgruppen/klassen så mye av skoletiden at deres behov for sosial tilhørighet og stabilitet blir ivaretatt. Dette gjelder også for elever som får spesialundervisning. Prinsippet om sammenholdte klasser er en bærebjelke i fellesskolen og har også en viktig funksjon i forbindelse med inkludering av elever. Dersom elevene tas ut av basisgruppen/klassen kan dette føre til at elevens sosiale tilhørighet til basisgruppen/klassen svekkes.*



Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Når den sosiale tilhørigheten og stabiliteten i opplæringen er ivaretatt i klassen/basisgruppen, følger det av loven at elevene i deler av tiden kan deles i andre grupper etter behov.

## Lokale mål

- I løpet av perioden 2014-2019 er det nedgang i talet på elever med særskilte behov på ungdomssteget, og det er etablert same førebyggjande systemarbeid mellom skule og PPT for alle skular.
- Spesialundervisninga blir først og fremst gitt innafør det ordinære tilbodet (tilsette inn i klassen heller enn elever ut). Færre elever mottar spesialundervisning utanfor felleskapet. (STYRK)

## Utvikling dei siste åra

År	2015/16	2016/17	2017/18
Tal spes.ped elever	220	201	165
Årsverk til spes.ped	35,1	31,2	30,2
%-del spes.ped. elever 1.-4. trinn	7,9	7,7	6,1
%-del spes.ped. elever 5.-7. trinn	14,0	11,8	10,0
%-del spes.ped. elever 8.-10. trinn	12,9	12,4	10,5
%-del spes.ped. elever totalt	11,4	10,3	8,5

Tal frå GSI

## Eigenvurdering av spesialundervisning

Prosentdelen av elever som mottar spesialundervisning har gått ned slik målsetjinga er. Prosentdelen elever med spesialpedagogiske vedtak i landet var 7,9 i 17/18. Lindås nærmar seg landsnittet.

Årsverka brukt til spesialundervisning viser ikkje ein tilsvarende nedgang avdi elevane som mottek spesialundervisning har behov som gjer at dei kvar elev vert tildelt mange årstimar.

Samarbeidet med PPT er organisert ved at alle skular har eit ressursteam som vurderer og gjev råd i forhold til tiltak innafør det ordinære opplæringstilbodet før skulen tilrår at ein elev vert meld til PPT. PPT deltek på avtalte ressursteammøter på alle skular.

Ressursteam er eit førebyggjande tiltak som kvalitetssikrar arbeidet på skulen. Som resultat har fleire barn får god hjelp og tilpassa opplæring innafør det ordinære tilbodet og i sosiale fellesskap, og har utbytte av undervisninga.

PPT vert stadig oftare brukt til systemretta tiltak på skulane i tillegg til å delta i ressursteam. Behovet for deira rettleiing og vurdering for å oppnå utbytte av undervisninga for elever, er aukande.

Utsagn frå skuleleiarane til endringa

- Lærarane si haldning til spesialundervisning og arbeid med det inne i klassane har blitt meir positiv
- Kvaliteten på spesialundervisninga og læringsutbytte for eleven synest bli betre når det er knytt til den ordinære undervisninga.
- Den tilpassa undervisning i klassane – basert bl.anna på ressursteamvurdering – er blitt betre og fleire elever har utbytte av undervisninga i klassen
- Tidleg innsats og analyse møta har verka positivt på at kvar elev får meir presis hjelp med sine

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

vanskar

- Elevar med dysleksi får tilpassa undervisning og tekniske hjelpemiddel og blir ikkje automatisk spes. ped. elevar.
- For å lukkast med endringa har lærarar brukt varierte og elevaktive arbeidsmåtar der alle elevane kan delta på sin måte og bli utfordra på sitt nivå.
- Eit døme er bruk av stasjonsundervisning i leseopplæringa: Skular brukar dette på 1.-4.trinna. Spesialpedagogar og tidleg innsatsressurs blir organsiert inn i desse øktene. Elevar med vedtak om spesialundervisning får opplæring saman med klassen. Pedagogtettleiken gjer det lettare å overvake og kartlegge alle elevane si utvikling, samt setje inn periodetiltak på bakgrunn av elevresultat.
- Dersom ressurstilgangen går ytterlegare ned og vi ikkje kan styrke stasjonsundervisninga på denne måten, kan det føre til auka behov for spesialundervisning.

## 2.1.5 Særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar

Grunnskulelova § 2-8.Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar:

*Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.*

Utvikling dei siste åra

År	2015/16	2016/17	2017/18
Tal elevar som får særskild språkopplæring	60	77	71
Årsverk til særskild språkopplæring	5,99	6,21	9,12
Tal elevar 1.-4. trinn	27	27	23
Tal elevar 5.-7. trinn	20	15	17
Tal elevar 8.-10. trinn	13	35	28

## Eigenvurdering særskild språkundervisning

Talet minoritetsspråklege elevar er på veg ned etter ein topp i 16/17.

Elevane er ikkje spreidd på alle skulane i kommunen. Skuleåret 17/18 hadde grunnskulane i Knarvik 42% av desse elevane og grunnskulane på Lindås 35%.

Auken i årsverk frå 16/17 til 17/18 kjem av at mange av elevane var nyankomne og tidleg i læringsløpet. I tillegg var ein stor del ungdomsskuleelevar med høgare tal undervisningstimar.

Elevarbeid Lindås barneskule



## 2.2 Læringsmiljø

### Lokale mål

Frå Kvalitetsplanen

- Barnehage og skule legg vekt på å stimulere og synleggjere ressursane til alle barna/ungdommane
- Barn og unge trivst og opplever meistring, både fysisk, sosialt, emosjonelt og kognitivt
- Alle barn og unge skal ha tilgang på gode tilbod og tenester, og ha høve til å delta og bruke evnene sine uavhengig av sosial, økonomisk og etnisk bakgrunn

Føremål frå ordensreglement for grunnskulen i Lindås:

Grunnskulen i Lindås skal ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulane skal vere prega av eit positivt og utviklande samarbeid mellom alle brukarar; elevar, foreldre og tilsette.

Det skal vere ein tydeleg samanheng mellom arbeidet med skulen sitt læringsmiljø, ordensreglementet og den enkelte elev si sosiale utvikling.

### 2.2.1 Elevundersøkinga

Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skoleeigarar og skoleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget og for Vg1. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:


- **Støtte frå lærarane:** Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.
- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skolearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen.
- **Elevdemokrati og medverknad:** Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- **Andel elevar som har blitt mobba (prosent):** Sjå eige diagram.

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntak er andel mobbet som er i prosent.

Elevarbeid Lindås barneskule



## Læringsmiljø 7.trinnet - utvikling siste åra i Lindås



Lindås kommune skoleier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, Trinn 7, Begge kjønn


Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

### Eigenvurdering læringsmiljø barnetrinnet:

Tabellen over viser resultatane på elevundersøkinga på 7. trinn. Resultatane dei siste fire åra syner ei positiv utvikling eller stabilitet på nærast alle områda. Kommunen sine resultat er no tett opp mot score på lands- og fylkesnivå på alle områda.

Det er gledeleg å sjå at vi har størst auke i støtte frå lærarane, som igjen verkar inn på elevane sine opplevingar av motivasjon og meistring. Det var på desse to områda det var størst sprik mellom kommunen sine resultat og snittet på landsbasis sist gong, der vi låg 0,2 og 0,3 under nasjonalt snitt. For 2018 er dette redusert til 0,1 under nasjonalt snitt.

## Læringsmiljø 10. trinn - utvikling siste åra i Lindås



Lindås kommune skoleier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten



## Eigenvurdering læringsmiljø ungdomstrinnet:

Tabellen over viser resultatene på elevundersøkinga på 10. trinn, og viser ei betring frå i fjor på alle område bortsett frå motivasjon. Kommunen sine resultat ligg opp mot og på landsnittet på dei fleste område. Det er gledeleg å sjå at den største auken har vi innafør utdanning og yrkesutdanning der resultatene for Lindås i fjor låg vesentleg under snittet i Hordaland og landet.

Som for 7. trinn viser resultatene på 10. trinn også ein auke i støtte frå lærarane. Med auke innafør områda læringskultur, elevdemokrati og medverknad, felles reglar, utdannings og yrkesretteleing samt støtte frå lærarane, stilte vi spørsmål til elevråda om kvifor elevane sin motivasjon ikkje er høgare enn tala i undersøkinga viser.

Svara stadfesta at elevane opplevde læringsmiljøet positivt, og antyda at låg motivasjon for nokon heng saman med læringstrykk og karakterpress.

Blant svara vi fekk var desse:

«Vi som ønskjer hjelp får den hjelpen vi trenger frå lærarane, men det er mange prøvar og leksetestar.

Det er veldig stressande og går utover motivasjonen til det vanlege skulearbeidet». (Gut 10.trinn)

«Når vi har fleire prøvar og innleveringer på ein uke mister eg motivasjon.»

## 2.2.2 Mobbing på skolen (prosent)

Mobbing på skolen viser prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen 2 eller 3 gonger i månaden eller oftare. Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen elevar som har blitt mobba på skolen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Spørsmåla i Elevundersøkinga i høve til mobbing og krenking har vore endra ved fleire høve dei siste åra. I 2013 vart det lagt til spørsmål om krenkingar, og då resultatene av denne undersøkinga kom, hadde del elevar på landsbasis som rapporterte om mobbing gått ned frå 6,8 til 4,2 prosent. På same tid svarte 21,1 prosent at dei hadde opplevd ein eller fleire krenkingar to til tre gonger i månaden eller oftare. Dette førte til debatt om spørsmåla om krenkingar hadde verka inn på elevane si forståing av mobbing. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som kom med framlegg til nye spørsmål om mobbing. Frå 2016 vart ulike formar for krenkingar brukt som døme på mobbing og definisjonen på mobbing er justert noko.

Dette er definisjonen elevane blir presentert for i Elevundersøkinga:

*«Med mobbing mener vi gjentatte negative handlinger frå en eller fleire saman, mot en elev som kan ha vanskelig med å forsvare seg. Mobbing kan være å kalle en annen stygge ting og erte, holde en annen utenfor, baksnakke eller slå, dytte eller holde fast.»*


Med desse endringane som vart gjort, er det frå nasjonalt hald venta ei auke i mobbetala. Dette fordi hendingar som før var knytt til spørsmål om krenkingar, no går inn i spørsmåla om mobbing. Sjølv om det er uheldig at vi då ikkje kan samanlikne utviklinga statistisk i tidsserie, er intensjonen å få eit mest mogleg riktig bilete av korleis elevane har det.

I oversynet under er det tatt med tal for mobbing i skulane i Lindås samanlikna geografisk og med utviklinga i eigen kommune. Grunna endringane i Elevundersøkinga rundt spørsmål om mobbing, kan vi ikkje samanlikne resultatene for meir enn dei to siste åra.


### Lokale mål – frå Kvalitetsplanen

- Barn, unge og føresette trivst og er inkludert i fellesskapet og deltar i barnehage, skule og på fritida
- Det vert lagt vekt på å utvikla venskap, respekt og toleranse i barnehage, skule og på fritida, og å byggja sterke relasjonar mellom barn, unge og vaksne, samt styrkja samhandlingskompetansen til den einskilde
- Nulltoleranse for krenkingar, mobbing, diskriminering og trakassering

## Lindås kommune 7. trinn - mobbing




Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2017-2018, Trinn 7, Begge kjønn




Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonane er henta frå Skoleporten

## Lindås kommune 10.trinn - mobbing



Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2017-2018, Trinn 10, Begge kjønn



Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

## Samla vurdering mobbing

I fjor opplevde vi ein dramatisk auke i tal elevar på barnetrinnet som rapporterte om opplevd mobbing. Som skissert tidlegare, kan dette ha samanheng med at spørsmåla i Elevundersøkinga var endra i forhold til spørsmål om krenkingar og mobbing. Uavhengig av årsak vart det sett inn tiltak i skulane og nokre skular fekk miljøterapeutar som skulle arbeide for auka trivsel, leik, aktivitetar og fellesskap. Vi ser positive effektar av det arbeidet.

Det er svært gledeleg at vi i år kan melde om at vi har redusert prosentdel elevar på 7. trinn som melder om mobbing på skulen frå 14,8 i fjor til 7,7 i år. Tilsvarende tal for 10.trinn er ein svak auke frå 10,6 prosent i fjor til 10,7 i år. Nasjonalt ligg resultatet i forhold til mobbing på 7. og 10. trinn på 7,2 og 8,3 prosent.

Det kan vere fleire årsaker til kvifor prosentdel elvar som melder om opplevd mobbing varierer frå år til år. Det er ikkje same elevgruppa som deltek i undersøkinga, og korleis miljøet er på 7. og 10. trinn vil spele inn på resultatet. Dei fleste skulane tar med fleire trinn i undersøkinga, slik at skulane ofte får eit meir heilskapleg bilete av stoda enn vi skisserer i denne rapporten. Det er store variasjonar mellom skulane sine resultat, og skuleeigar har dialog og oppfølging med skulane etter behov. Analyse av situasjonen og aktuelle tiltak er ein del av denne oppfølginga samt metode for involvering av elevar og føresette i arbeidet med læringsmiljøet.

Generelt har skulane arbeidd aktivt for å betre elevane sitt psykososiale skulemiljø. Det har vore fokus på trivsel, aktivitet og vennskap. Mellom anna har barneskulane ulike system for å fremje leik og positiv aktivitet i friminutta. Trivselsleiarar og «Kom og leik» er tiltak som vert nytta. Justerte retningslinjer for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø er godt implementert i skulane, og skuleleiarane har gjort ein god jobb for å sikre felles forståing av ansvaret som ligg til den einskilde tilsett.

Det er gjort mykje godt arbeid i regi av MOT i ungdomskulen, der våre MOT-coachar gjer ein super innsats for ungdommen. Lindås sine resultat er gode, har vore det over år, så kommunen kan vere stolt over denne satsinga.

Det gode arbeidet skal halde fram, og skulane vil involvere elevar og føresette i større grad enn tidlegare. Etableringa av kommunalt foreldreutval er positivt, og gir oss ein arena for samarbeid på tvers av avdelingar. Det er fellesskapet som kan redusere omfanget av krenkingar og mobbing, ved å stoppe negative handlingar før dei veks seg til store problem.

### 2.2.3 Vidare arbeid med læringsmiljø

Ut frå skulane sine resultat blir det sett inn tiltak direkte retta mot enkelte skular/klassar/elevar på skulenivå. I tillegg kjem systemtiltak i kommunal regi. Her står først og fremst systemtiltaka og kommunale utviklingsområde.

- Plassering av miljøterapeutar på skular som har utfordringar og behov for meir kompetanse i arbeidet med læringsmiljøet.
- Systematisk arbeid for godt psykososialt skulemiljø, trivsel, vennskap og mot krenking/mobbing. Plan for arbeidet på alle skular (årshjul med tiltak og ansvarsfordeling), eigenvurdering i Reflex og rapport til skuleeigar med oppfølging.
- Deltaking i prosjekt Betre læringsmiljø saman med Meland og Radøy (gjeld både barnehagar og skular)
- Implementere modellen for BetreTverrfaglegInnsats (BTI)for å sikre systematisk innsats over tid ovanfor utsette barn og unge.
- Sikre vidare drift, oppfølging av, opplæring i og utvikling av praksis for kommunen sine forebyggjande systemtiltak Dei utrolege åra (DUÅ), MOT.
- Utvikle vidare koordinatorrolle for DUÅ på kommunenivå og ved kvar barnehage/skule.
- Det førebyggjande arbeidet i kommunen vert forankra tett gjennom leiing, møteplassar og faglege prioriteringar. (jmfr overordna satsing for oppvekst: Trygg oppvekst i heim og nærmiljø).
- Tilsette som arbeider med MOT, DUÅ, ART og Salto skal får hjelp til å koordinera prioriteringar og praksis til det beste for born og unge i kommunen frå rådgjevar oppvekst.
- Sikre meir meistring gjennom prosjektet «Styrking av ordinær opplæring».

## 2.3 Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

I tilstandsrapporten er desse resultatindikatorane tatt med:

- Nasjonale kartleggingsprøvar i lesing 1.-3. trinn og rekning 2. trinn
- Nasjonale prøvar på 5., 8. og 9. trinn i lesing
- Nasjonale prøvar på 5., 8. og 9. trinn i rekning
- Nasjonale prøvar på 5. og 8. trinn i engelsk
- Standpunkt- og eksamenskarakter i norsk, matematikk og engelsk
- Grunnskulepoeng

### 2.3.1 Nasjonale kartleggingsprøvar i lesing og rekning

#### Lokale mål:

Auka meistring av grunnleggjande ferdigheiter i lesing og rekning. Det skal til ein kvar tid vere få elevar på og under bekymringsgrensa på kartleggingsprøvene i lesing og rekning.

Kartleggingsprøven i leseferdigheit for 1.-3. trinn og i rekneferdigheit på 2. trinn er ei obligatorisk nasjonal kartlegging som blir gjennomført i vårsemesteret. Formålet med kartleggingsprøvene er å finne dei 20 % av elevane som står i fare for å streve med grunnleggjande ferdigheiter i lesing og rekning og som treng ekstra oppfølging. Elevar som står i fare for å streve må bli sett tidleg i skuleløpet, slik at dei får tilbod om den tilrettelegginga dei har krav på. Kartleggingsprøvene gir ikkje informasjon om alle elevane, berre om dei elevane som ligg under bekymringsgrensa.


Etter gjennomføringa skal resultatata av kartleggingsprøvene brukast til å følge opp elevar som har skåra på, under eller nær bekymringsgrensa. Skuleleiinga skal vurdere om skulen sine metodar og rutinar er gode nok for å fange opp dei elevane som strevar tidleg nok. Skulen skal jobbe for at det er færre elevar nær og under grensa neste år på alle trinna. Skulen informerer dei føresette til barna som er under bekymringsgrensa om resultatet, og kva skulen har planlagt for at eleven skal få betre grunnleggjande ferdigheiter. Skuleleiinga har det overordna ansvaret for at dette skjer. Det statlege tilskotet til Tidleg innsats finansierer lærarstillingar inn mot arbeidet med å gje alle elevane gode grunnleggjande ferdigheiter i lesing og rekning frå 1. trinn. (sjå også punkt 2.3.2.)

#### Utvikling dei siste åra:

Lindås kommune har over tid slite med låg skår på ulike kartleggingsprøvar og på nasjonale prøvar. Kommunen har satt i gang fleire tiltak på ulike nivå, blant anna har ein prioritert tiltak på dei lågaste trinna, og i overgangen skulestartarar i barnehagen og til 1. trinnet

Bilete under viser trendar over tre år på kategoriane **1. trinna** blir prøvde i når det gjeld lesing. Dei raude felte indikerar prosentdel elevar under bekymringsgrensa

Kan inneholde data under publiseringsgrense.



Data henta frå Conexus engage

### Eigenvurdering lesing 1.,2. og 3.trinn

Ein ser at alle kategoriane skuleåret 17/18 har færre elevar som strevar i samtlege ferdigheiter, og at nokre kategoriar har ein markant drop, dette gjeld særleg kategoriane ordlesing og leseforståing.


Trendane på 2. trinna over tre år er at det er færre elevar som skårer under bekymringsgrensa i lesing. På 2. trinna er det også nedgang på dei fleste kategoriane. På nokre kategoriar markant nedgang.

På 3. trinna er trenden sprikande over tre år. Her kan ein ikkje finna klar nedgang i elevar som skårer under bekymringsgrensa. Det ein kan sjå er at det var betydeleg mange elevar under bekymringsgrense på dei fleste kategoriane i skuleåret 15/16.

Bilete under viser trendar over tre år for **2. trinna** i rekning. Dei raude felte indikerar prosentdel elevar under bekymringsgrensa



Kan inneholde data under publiseringsgrense.



Data henta frå Conexus engage

## Eigenvurdering av rekning 2.trinn

Kartleggingsprøven i rekneferdighet på 2. trinna over tre år er sprikande, men ein finn ikkje ein stor andel av elevane under bekymringsgrensa i 17/18. Ein kan ane ein positiv tendens, slik som med leseprøvene for 2. trinn. Det er færre elevar under bekymringsgrensa i rekneferdighet i 17/18 enn dei to førre skuleåra.

## 2.3.2 Nasjonale prøvar i lesing på 5., 8. og 9. trinn

### Lokale mål:

Elevane i Lindås kommune skal ha gode grunnleggjande ferdigheiter. På nasjonale prøvar betyr det å ha ein låg prosentdel på dei lågaste meistringsnivå og fleire på dei høgaste.

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Tabellen under viser den prosentvise fordelinga av elevane på meistringsnivå 1-3 (5.trinn) og meistringsnivå 1-5 (8. og 9. trinn) dei tre siste åra og for Hordaland og landet siste året. Meistringsnivå 1 er det lågaste. Høgre kolonne viser gjennomsnittleg skalapoeng for Lindås, Hordaland fylke og nasjonalt.

Nasjonal prøve i lesing		Meistrings nivå 1	Meistrings nivå 2	Meistrings nivå 3	Meistrings nivå 4	Meistrings nivå 5	Snitt poeng
5.trinn	Lindås 2017	39,2	48,4	12,4			46
	Lindås 2016	31,8	53	15,2			47
	Lindås 2015	33,3	44,8	21,9			48
	Hordaland 2017	25,1	53,7	21,2			49
	Landet 2017	23,8	53	23,2			50
8. trinn	Lindås 2017	10,5	22,2	45,1	17,3	4,9	48
	Lindås 2016	13,2	24,2	44,2	12,6	5,6	47
	Lindås 2015	9,3	21,4	38,9	20,5	10	48

	Hordaland 2017	9	19,4	42,5	19,7	9,4	49
	Landet 2017	8,8	17,9	42,1	20,2	11	50
9.trinn	Lindås 2017	7,7	11,6	43,6	21	16,0	52
	Lindås 2016	6,2	12,4	44,9	19,1	17,4	52
	Lindås 2015	8,8	14,9	34,5	25,8	16	52
	Hordaland 2017	5,5	11,8	37,5	24,7	20,5	53
	Landet 2017	5,1	11,6	36,2	25,7	21,5	54

## Eigenvurdering nasjonale prøvar i lesing

På 5. trinn var resultatet i lesing svært svakt og ein tilbakegang frå året før med mest 40% av elevane på lågaste meistringsnivå.

På 8.trinn er det ein positiv nedgang i prosentdel elevar på dei lågaste meistringsnivåa sidan året før, og det er også auke i elevar på dei to høgaste meistringsnivåa.

9.trinn 2017 var 8. trinn 2016 og vi kan sjå av snittet at dei har heva seg med 5 poeng. Normalen for landssnittet er ei heving på 4 poeng. Prosentelen av elevar på dei to lågaste meistringsnivåa er nesten halvert og prosentelen på dei to høgaste nivåa er dobla. Ei svært positiv og gledeleg utvikling.

Det svake resultatet i lesing for 5. trinn førte til vurdering og igangsetjing av nye tiltak på skulane og frå skuleeigar. Resultatet viser at det er behov for ekstra satsing på lesing i barneskulen for å oppnå god grunnleggjande leseferdigheit for elevane. Sjå meir om det under STYRK punkt 2.3.6.

Årets resultat i lesing på ungdomstrinnet er lovande om ein tar utgangspunkt i 9.trinn sin framgang frå 8.trinn

## 2.3.3 Nasjonale prøvar i rekning på 5., 8. og 9. trinn

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning på 5. trinn tek utgangspunkt i korleis elevane brukar rekning i ulike faglege og daglegdage samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Prøvene i rekning på ungdomstrinnet tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdage samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Tabellen under viser den prosentvise fordelinga av elevane på meistringsnivå 1-3 (5.trinn) og meistringsnivå 1-5 (8. og 9. trinn) dei tre siste åra og for Hordaland og landet siste året. Meistringsnivå 1 er det lågaste. Høgre kolonne viser gjennomsnittleg skalapoeng for Lindås, Hordaland fylke og nasjonalt

Nasjonal prøve i rekning		Meistrings nivå 1	Meistrings nivå 2	Meistrings nivå 3	Meistrings nivå 4	Meistrings nivå 5	Snitt poeng
5.trinn	Lindås 2017	27,4	55,9	16,7			48
	Lindås 2016	25,6	57,7	16,7			49
	Lindås 2015	27,5	51	21,6			49
	Hordaland 2017	22,4	51,4	26,3			50
	Landet 2017	23	51,3	25,6			50
8. trinn	Lindås 2017	9	23,6	47,8	14	5,6	48
	Lindås 2016	8,5	30,3	33,5	18,6	9	49
	Lindås 2015	11,4	30,3	33,5	17,8	7	48
	Hordaland 2017	7,8	23,1	38,5	21,1	9,5	50
	Landet 2017	7,7	22,2	37,6	21,6	10,8	50
9.trinn	Lindås 2017	4,5	18,1	35,7	26,6	15,1	52
	Lindås 2016	3,9	17,4	38,2	30,3	10,1	52
	Lindås 2015	9,5	19	34	26,5	11	50
	Hordaland 2017	4	15,1	34	27,5	19,3	54
	Landet 2017	4,2	15,2	33,6	26,3	20,9	54

## Skuleeigar si eigenvurdering

5.trinnet i 2017/18 er to snittpoeng sterkare i rekning enn i lesing. Ein større prosentdel av elevane er på høgaste meistringsnivå, og færre er på lågaste. Prosentdelen elevar på lågaste meistringsnivå er likevel for høgt, og skulane brukar analyse av resultat for tetta kunnskapshol og auka ferdigheitene

Årets 8.trinn har mest 50 % av elevane på nivå 3. Prosentdel elevar på dei to lågaste meistringsnivåa er ikkje signifikant høgare enn for landet. Avstanden til landet er derfor stor på dei høgaste meistringsnivåa del landet har 30%, Lindås 19,6

Ungdomsskulane brukar analyse av resultatata for å gje elevane god tilpassa opplæring. Barneskulane får også analysere resultatata frå sine 8. klasseelevane for å vurdera og eventuelt betra eigen praksis.

Framgangen i rekning for 9. trinn er på 3 poeng i snitt sidan elevane gjekk i 8. klasse.

Dei grunnleggjande ferdigheitene i rekning som målt på nasjonale prøvar på 5 trinn har vore nærare landssnittet enn leseresultatata. Systematisk arbeid med rekning i alle fag og for både dei som strevar og dei som meistrar godt, vil halda fram

## 2.3.4 Nasjonale prøvar i engelsk på 5. og 8. trinn

### Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene på 5. steget er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytte til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Tabellen under viser den prosentvise fordelinga av elevane på meistringsnivå 1-3 (5.trinn) og meistringsnivå 1-5 (8. og 9. trinn) dei tre siste åra og for Hordaland og landet siste året. Meistringsnivå 1 er det lågaste. Høgre kolonne viser gjennomsnittleg skalapoeng for Lindås, Hordaland fylke og nasjonalt

Nasjonal prøve i engelsk		Meistrings nivå 1	Meistrings nivå 2	Meistrings nivå 3	Meistrings nivå 4	Meistrings nivå 5	Snitt poeng
5.trinn	Lindås 2017	38,6	48,4	13			47
	Lindås 2016	29,5	54,4	16,1			47
	Lindås 2015	30,8	49,5	19,7			48
	Hordaland 2017	24,3	51,8	23,9			50
	Landet 2017	23,2	51,3	25,5			50
8. trinn	Lindås 2017	13,1	27,8	38,1	14,8	6,3	47
	Lindås 2016	12,6	26,9	40,7	10,4	9,3	48
	Lindås 2015	11	23	42,4	16,2	7,3	48
	Hordaland 2017	8,7	20	41,3	19,7	10,4	50
	Landet 2017	8,4	18,8	41,1	20,8	10,9	50

### Skuleeigar si eigenvurdering

Resultata for 5.trinn 2017/18 i engelsk lesing er sterkare enn i norsk lesing og dei har litt færre på lågaste meistringsnivå og fleire på høgaste.

På 8 trinn er det større spreiring enn året før og det er fleire elevar på dei to høgaste meistringsnivåa, men også fleire på dei to lågaste.

Analyse av resultat for å bli meir treffsikker med både klasseundervisning og tilpassa opplæring er tiltak som blir brukt på skulane. Vidareutdanning av lærarar er eit anna tiltak for å heva elevane i engelsk lesing.

## 2.3.5 Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

### Lokale mål

- Elevane i Lindås har god kvalitet på opplæringa og oppnår karakterar i samsvar med sitt potensiale.
- Avstanden mellom standpunktkarakter og eksamenskarakter skal evaluerast på skulane kvart år for å sikra at skulen si vurdering ikkje er for streng eller snill

## Skoleporten – Eksamenskarakterer

**Enhet: Lindås kommune**

**Lindås kommune, Grunnskole, Eksamenskarakterer,  
Alle eierformer, Trinn 10, Begge kjønn**

Indikator og nøkkeltall	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
Engelsk skriftlig eksamen - Lindås kommune	3,6	3,5	3,5	3,7	3,7
Engelsk skriftlig eksamen - Hordaland fylke	3,8	3,8	3,7	3,9	3,8
Engelsk skriftlig eksamen - Nasjonalt	3,7	3,7	3,6	3,8	3,7
Matematikk skriftlig eksamen - Lindås kommune	2,9	2,5	3,0	3,2	3,6
Matematikk skriftlig eksamen - Hordaland fylke	3,0	2,9	3,3	3,4	3,6
Matematikk skriftlig eksamen - Nasjonalt	3,0	2,9	3,3	3,4	3,6
Norsk hovedmål skriftlig eksamen - Lindås kommune	3,3	3,3	3,2	3,2	3,1
Norsk hovedmål skriftlig eksamen - Hordaland fylke	3,3	3,4	3,5	3,4	3,5
Norsk hovedmål skriftlig eksamen - Nasjonalt	3,4	3,4	3,5	3,4	3,5
Norsk sidemål skriftlig eksamen - Lindås kommune	2,7	3,2	3,3	3,2	3,5
Norsk sidemål skriftlig eksamen - Hordaland fylke	3,1	3,2	3,3	3,3	3,4
Norsk sidemål skriftlig eksamen - Nasjonalt	3,1	3,1	3,2	3,3	3,4



## Skoleporten - Standpunktkarakterer

Enhet: Lindås kommune

Lindås kommune, Grunnskole, Standpunktkarakterer, Alle  
eierformer, Trinn 10, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2013- 2014	2014- 2015	2015- 2016	2016- 2017	2017- 2018
Engelsk skriftlig standpunkt - Lindås kommune	3,9	3,9	4,1	3,8	3,8
Engelsk skriftlig standpunkt - Hordaland fylke	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0
Engelsk skriftlig standpunkt - Nasjonalt	4,0	3,9	3,9	3,9	4,0
Matematikk standpunkt - Lindås kommune	3,4	3,1	3,3	3,7	3,8
Matematikk standpunkt - Hordaland fylke	3,6	3,5	3,6	3,6	3,7
Matematikk standpunkt - Nasjonalt	3,5	3,5	3,5	3,6	3,7
Norsk hovedmål standpunkt - Lindås kommune	4,0	3,8	3,7	3,8	3,9
Norsk hovedmål standpunkt - Hordaland fylke	3,9	3,9	3,8	3,9	3,9
Norsk hovedmål standpunkt - Nasjonalt	3,8	3,8	3,8	3,8	3,9
Norsk sidemål standpunkt - Lindås kommune	3,9	3,7	3,5	3,7	3,8
Norsk sidemål standpunkt - Hordaland fylke	3,7	3,7	3,7	3,7	3,8
Norsk sidemål standpunkt - Nasjonalt	3,7	3,6	3,7	3,7	3,7

### Eigen vurdering karakterar

Eksamenskarakter vert sett av ekstern sensor som ikkje kjenner elevane. Store avvik frå standpunktkarakterane over tid kan vere teikn på at faglærarane er for strenge eller for snille. Denne samanlikninga vert best utført på skulenivå, der dei kan sjå elevgrupper opp mot ein faglærer. Tilbakemeldingar frå skulane viser at dei arbeider systematisk og vurderer standpunktkarakterane opp mot eksamenskarakterane kvart år.

Årets eksamenskarakterar i skriftlege fag viser at dei elevane som var oppe til eksamen fekk karakterar på landsnittet i engelsk og matematikk og over landssnittet i norsk sidemål. Norsk hovudmål var det svakaste eksamensfaget dette året. Årets kull hadde gode eksamensresultat både i skriftlege og munnlege fag.

### 2.3.6 Grunnskolepoeng

Grunnskolepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskolepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven

Grunnskolepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

## Lokale mål

- Snittet for grunnskulepoeng i Lindås skal liggja høgt

# Skoleporten - Grunnskulepoeng

Enhet: Lindås kommune

Lindås kommune, Grunnskole, Grunnskulepoeng, Alle eierformer, Trinn 10, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Lindås kommune	41,5	41,3	41,3	41,9	42,4
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Hordaland fylke	40,9	41,4	41,6	41,8	42,3
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Nasjonalt	40,4	40,8	41,2	41,4	41,8

## Eigen vurdering grunnskulepoeng

Resultatet for 10 trinn 17-18 er svært godt og kommunen ligg over lanssnittet når det gjeld grunnskulepoeng. Som statistikken over år viser ligg elevane i Lindås jamt høgt på grunnskulepoeng.

## 2.3.7 Vidare arbeid med resultat:

### Tidleg innsats

Prinsippet om tidleg innsats er forankra i opplæringslova § 1-3 Tilpassa opplæring og tidleg innsats, som uttrykkjer at opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den einskilde eleven. På 1.-4. trinn skal kommunen sørge for at den tilpassa opplæringa i norsk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.

Staten har dei siste året fått tildelt ekstra midlar til Tidleg innsats, og desse er fordelt til alle barneskulane. Skulane og kommunen har rapportert på bruken av midlane, og synleggjort at dei er brukt i samsvar med intensjonen.

Tildelte midlar:

2016-17: Frå staten 2,37 mill kr og frå kommunen 0,72 mill kr totalt tilsvarande 4,8 årsverk

2017-18: Frå staten 4,2 mill kr tilsvarande 6 årsverk

Tidleg-innsatsmidlane er sett i samanheng med oppfølging av kartleggingsprøvene i lesing og rekning som er omtala i 2.3.1.

### Innførte tiltak for å følgje opp tidleg innsats tildelinga

- Lærarar som underviser ut frå tidleg innsatstildelinga, arbeider med å fange opp og følgje opp elevar som strevar slik at dei opplever meistring i begynnaropplæringa.
- Skulane nyttar Conexus Engage som verktøy for å registrere elevane sine prøveresultat og som utgangspunkt for analysearbeidet på skulane.
- Rådgjevar oppvekst rettleiar skulane i bruk av Conexus Engage til analyse og pedagogisk leiingsverktøy.

- Samtlege skular har fått tilbod om rettleiing i analysen av resultatata og alle skulane får oppfølging av kartleggingsprøvene.
- Skulane fortel at resultat på kartleggingsprøvar blir handtert systematisk. Dei fleste skulane gjennomfører analyse- og resultatmøter mellom lærarar og leiing.
- Dei fleste skulane drøftar og resultat med PP-tenesta.
- Skulane arbeider med at samanhengen mellom analysen og tiltaka må bli meir presise for det enkelte barn for å sikre auka grunnleggande ferdigheiter det framleis må arbeidast med.
- Alle skuler får invitasjon til nettverkssamlingar der lærar og leiinga får anledning til å analysere resultat, få fagleg påfyll, dele erfaringar med andre skuler, barnehagar og moglegheit til å planlegge vegen vidare på eigen skule.

## STYRK prosjektet

STYRK er eit prosjekt initiert frå Kvalitetsplan for oppvekst og står for STYRKing av det ordinære tilbodet i barnehagen og den ordinære opplæringa i skulen. Kommunen har hatt for mange elevar som strevar med læringsutbytte i skulen, for stort omfang av barn og elevar som får spesialundervisning og for mange barn som får det spesialpedagogiske tilbod sitt utanfor fellesskapet i barnehage og skule. Samla sett har resultat frå kartleggingar, nasjonale prøver og elevundersøkinga vist at det er behov for å arbeide systematisk og førebyggjande.

Lindås kommune har blitt ein språkkommune i regi av Utdanningsdirektoratet. Prosjektperioden er sett til 18 månadar og vert avslutta i desember 2018. Arbeidet på skulane held fram vidare etter det. Ressurspersonar i kommunen har utarbeidd ein språkstrategi, og denne er ein del av STYRK-prosjektet. Satsinga gjeld frå barnehage til fullført grunnskule.

I fase 1 (frå våren17) i prosjektet STYRK har kommunen prioritert skulestartarane i barnehagen, overgang barnehage/skule og 1. trinna.

Gjennom ein analyse har Lindås kommune identifisert følgjande utfordringar:

- for stor forskjell på kvaliteten på tilbodet/opplæringa mellom avdelingar og innafor same avdeling
- for mange elevar på lågaste nivå på nasjonale prøver i lesing
- mange elevar under kritisk grense på kartleggingsprøver i lesing, kommunen ser ein stor forbetring på 1. trinna og fleire positive tendensar på 2. trinna i skuleåret 17/18.
- behov for kompetanseutvikling i skriveopplæringa, og sjå denne som ein del av leseopplæringa

Følgjande tiltak har blitt iverksatt på dei lågaste trinna, og i overgang barnehage/skule

- Lindås kommune har blitt språkkommune.
- Det er etablert BRUnettverksamlingar for pedagogar til skulestartarane og 1. trinnsleiarane er. SFO-leiarane deltek og her.
- Faste analysemøte knytt til dei nasjonale kartleggingsprøvene i lesing og rekning på vårsemesteret.
- PP-tenesta følgjer opp resultatata på kartleggingsprøvene i ressursteam.
- Besøk frå skuleeigar i alle 1. trinna ila haustsemesteret.
- Alle 1. trinna skal nytte hurtig bokstavprogresjon, starte leseinnlæringa med dei små bokstavane og nytte elevaktive metodar.
- Kulturmøter mellom barnehage/skule/SFO på leiar- og på lærarnivå.

## Eigenvurdering Tidleg innsats og STYRK

- Tidleg innsatsmidlane og dei innførte tiltaka for å følgja opp bruken på skulane, er ei viktig årsak til at vi har nedgang på tal elevar under kritisk grense på kartleggingsprøvene i lesing. (punkt 2.3.2.) At prosentdel elevar under kritisk grense i nokre av lesekategoriene er halvert og vel så det over 3 år, er inspirerende for alle som arbeider i Lindåsskulen.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

- Elevane i 1.-3. klasse får tidlegare og meir presis tilpassa opplæring ut frå korleis dei strevar eller gjer framgang i begynnaropplæringa.
- 1. trinns lærarar, tidleg innsatslærarar og skuleleiarane har utvikla kompetanse og betre praksis i arbeidet med å analysa og følgja opp elevar si utvikling basert på dagleg meistring og trivsel med skulearbeidet.
- Kommunen har etablert møteplass mellom pedagogar i 5-årsgruppa i barnehage og pedagogar i 1. klasse. Møteplassen er eit BRU nettverk som sikrar god overgang frå barnehage til skule og at dei tilsette lærer av kvarandre sin praksis

## 2.3.8 Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO

### Overgang frå grunnskole til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskolen.

## Skoleporten - Overgangar

Enhet: Lindås kommune

Lindås kommune, Grunnskole, Overgangar, Alle eierformer, Alle trinn, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2013 - 2013	2014- 2014	2015- 2015	2016- 2016	2017- 2017
Elever (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring samme år som avsluttet grunnskole - Lindås kommune	98,0	.	99,0	99,0	97,5
Elever (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring samme år som avsluttet grunnskole - Hordaland fylke	99,0	98,7	98,6	98,8	98,4
Elever (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring samme år som avsluttet grunnskole - Nasjonalt	98,0	98,3	98,3	98,4	98,1

## Eigenvurdering

Færre elevar enn før var registrerte som elevar i vidaregåande skule hausten 2017. Av dei 2,5 % som ikkje var å finna på vidaregåande skule var asylsøkjjarane frå mottaket på Vågseidet

Førsthjelp Lindås ungdomsskule



## 3 Skulefritidsordninga – SFO

### 3.1 Tal barn i SFO

Skule	1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn	5.-7.	Sum	Av desse barn med 100% plass
Alversund	40	38	29	12	1	120	82
Eikanger	7	4	4	2	0	17	9
Kløvheim	4	2	3	1	0	10	2
Knarvik barneskule	28	18	28	3	0	77	28
Leiknes skule	18	13	12	6	0	49	13
Lindås barneskule	11	17	12	2	0	42	15
Myking skule	2	4	7	0	0	13	4
Ostereidet barneskule	3	6	8	1	0	18	5
Seim skule	12	6	9	10	1	38	12
<b>Sum</b>	<b>125</b>	<b>108</b>	<b>112</b>	<b>37</b>	<b>2</b>	<b>384</b>	<b>170</b>

Det blir gitt heilårsstilbod ved 5 av skulane: Lindås, Leiknes, Knarvik, Alversund og Seim.

### 3.2 Mål og innhald

Tilbodet er heimla i Opplæringslova § 13-7. Skulefritidsordninga er drive av Lindås kommune og det er rektor på barneskulane som har ansvar for tilbodet. SFO skal gje elevane i 1.-4. klasse trygt tilsyn før og etter den obligatoriske skuledagen. Elevar på 5.-7. trinn med særskilde behov kan også få plass i SFO. Ein skal leggja vekt på omsorg, leik, kulturaktivitetar og sosial læring, der barna mellom anna tek ansvar for kvarandre og felles oppgåver.

Fleire av SFO-tilboda i Lindås har laga egne mål. I år har me med døme frå SFO ved Knarvik barneskule:

**TRYGGLEIK-OMSORG-TRIVSEL-SOSIAL UTVIKLING**

Målet for oss som arbeider i SFO er at vi skal kunne gje kvar einskild den omsorg og trivnad barnet har behov for. Det er viktig at dei får drive med aktivitetar dei likar og har utbytte av både på det sosiale og skapande plan- ute og inne.

Vi vil leggja stor vekt på den frie leiken og ha varierte og gode tilbod til alle.

Felles for borna som går i SFO er at dei deltek i måltidsfellesskap, dei får høve til fri leik ute og inne, og dei har tilbod om ulike aktivitetar som t.d dans, aktivitetar i gymnastikksal, turar, kreative aktivitetar og matlaging. Variasjonen i aktivitetstilbod er avhengig av bemanning og dei lokala SFO har tilgjengeleg. Dei tilsette på SFO er dedikerte og arbeidar for å skapa gode relasjonar mellom dei vaksne og borna, samt opprettheld gode og trygge rutinar.

#### Skuleeigar si eigenvurdering med innspel frå SFOar i kommunen:

- Elevane i SFO trivst godt, deltek, lærer og utviklar seg i aktivitetar dei likar.
- Vennskap og fellesskap med fleire enn elevane i klassen er også positivt. Det er tilbakemelding frå både barn, foreldre og personale.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.


- Foreldre melder tilbake at det kan vera litt utrygt for dei yngste den første tida. Utfordringar ein arbeider med kvart år, er å få ein trygg overgang frå barnehage til SFO for førsteklassingane, og å få tett og god bemanning rundt barn med særlege behov.
- I arbeidet med å skapa eit godt psykososialt miljø og å unngå krenking og mobbing, kan samarbeidet mellom skule og SFO på dei største skulane bli endå betre både på forebygging og det å fanga opp uønska hendingar.
- Det er svært stor skilnad på størrelsen på skulefritidsordningane i Lindås og det er også stor skilnad på kor godt tilrettelagt dei fysiske forholda er.

#### Arbeid vidare:

- Vidareutvikle og styrke gode rutinar for å trygge nye elevar som startar på SFO
- SFO-leiarane deltek i BRU-nettverk
- Vidareutvikle og styrkje samarbeidet mellom SFO og skule i arbeid med det psykososiale miljøet
- Gje opplæring i og utvikle prinsippa frå Dei utrulege åra (DUÅ) som etablert praksis blant dei vaksne i SFO i forhold til korleis ein møter borna
- Ha fokus på godt kosthald, helse og fysisk aktivitet (folkehelse) i måltid og aktivitetar

## 4. System for oppfølging (internkontroll)

Lindås kommune sitt system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte (§ 13-10 i Opplæringslova):



### 4.1 Styrande dokument


Lindås kommune har dei siste åra arbeidd grundig med overordna planverk, og tiltak for å nå målsetjingar i samfunnsplan og kommunedelplan for oppvekst (kvalitetsplan) skal kome tydeleg til syne i verksemdsplan både på einings- og avdelingsnivå (den einkilde skule). Ein ser no ein tydlegare samanheng mellom politiske prioriteringar og utviklingstiltak på skulane.

## 4.2 Kunnskapsutvikling

Årlege kvalitetssamtalar/skulebesøk er eit ledd i arbeidet med vurdering av Kvalitetsutviklinga i skulane i Lindås (KIS). Som førebuing til møtet hentar skuleeigar ut informasjon frå Skoleporten (nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar, elevundersøkinga og foreldreundersøkinga).

Dei siste åra har kommunen involvert aktørane i skulen i mykje større grad enn tidlegare. Mellom anna har ein no representantar for elevrådet og FAU med i kvalitetssamtalen. I tillegg legg skuleeigar meir vekt på å kome rundt i klasseromma under skulebesøket, ved å sjå arbeid med ulike satsingsområde i opplæringa samt friminutt og leik/sosialt samvær blant elevane. Møteform og rammer for medverknad blir evaluert i alle møta, og gode synspunkt blir overført til seinare møte.

Kvalitetssamtalane/skulebesøka kan også skildrast som dialogmøte, og kommunen nyttar følgjande modell til å illustrere korleis ulike aktørar skal vere involvert i dialog kring innhald og utvikling av skulen. Kommunen har gjennomført dialogmøte mellom politisk nivå og tilsette i administrasjon og skulane i fleire år, med gode tilbakemeldingar.



I 2017 etablerte kommunen fleire møteplassar for tilsette, elevar, føresette og samarbeidspartar, i samsvar med prioriteringane i Kvalitetsplanen. Ei målsetjing med dette er å involvere barn, ungdom og føresette i større grad enn tidlegare samt å lære saman på tvers. Gjennomgåande tema i desse møta har så langt vore Å høyre til – den gode oppvekst for barn og unge. Desse møteplassane har blitt godt motteke i kommunen. I 2017/18 har vi hatt besøk av Ingrid Lund, Erlend Moen og Leo Aikic. I desse møta har vi også med eit ekspertpanel av lokale ungdommar frå Salto, ungdomsrådet og MOT, der våre ungdommar har dialog og refleksjon på scena saman med våre gjestar. Dette har vore ein suksess, og ungdommane frå Lindås imponerer stort.

Gjennom prosjektet STYRK (sjå og punkt 2.3.7) har kommunen etablert eit nettverk for pedagogane i barnehagen som arbeider med skulestartane og pedagogane på 1.trinn i skulen. Nettverket har fått namnet BRU-nettverket, og skal bidra til praksisutvikling og erfaringsdeleing frå barnehage til skulen, slik at barna opplever god samanheng mellom innhaldet. Som ein del av oppfølginga av nettverket har skuleeigar besøkt 1.klassane i kommunen. I desse besøka er det mellom anna dialog rundt klasseleiing, tidleg innsats, elevaktiv læring, kartlegging og tilpassa opplæring. Rutinar for overgangen er også revidert. Det er eit godt samarbeid mellom private og kommunale avdelingar i desse prosessane.

Med utgangspunkt i skuleeigar sine opplysningar om stoda ved den einskilde skule, blir det vurdert kva for område vi må ha felles fokus på og kor det er den einskilde rektor/skule som må følgjast tettare opp.

Kvalitetsarbeid rundt samanslåing av kommunane Meland, Radøy og Lindås er også starta opp, og det blir lagt vekt på å dele god praksis med kvarandre. Prioriteringar for Alver kommune blir definert ut frå styringsdokumenta for den nye kommunen, nasjonale føringar samt lokale målsetjingar. Dette er ein spanande prosess som vi ser fram til å arbeide meir med.

## 4.3 Rapportering

Skulane rapporterer til einingsleiar i samband med kvalitetsbesøk/skulebesøk, ressursbehov og økonomistyring, samt i felles skuleleiar møte og individuelt med den einskilde rektor. I høve til økonomiplan og årsmelding er det i hovudsak kommunalsjef og einingsleiar som er involvert, medan skulane i noko meir grad er involvert i Tilstandsrapport for grunnskulen i Lindås. Det er eit mål å få til breiare medverknad i denne prosessen, men rammene for dette blir ikkje lagt før Alver kommune er etablert.



Vidare skal skulane rapportere på korleis dei har arbeidd med prosess og mål knytt til kvalitetsplanen, arbeidsmetode og prioriteringar i samband med skulebasert vurdering og dei refleksjonsnotat som er knytt til kvalitetsbesøka.

I rektor –og skuleleiar møte blir det lagt stor vekt både på å følgje opp og utvikle felles praksis, og å dele erfaring med kvarandre. Gjennom lærande prosessar der t.d. rektorar reflekterer kring eit tema, får vi eit godt grunnlag for å kunne kultivere felles praksis. Av tema vi har arbeidd mykje med på denne måten, kan nemnast elevane sitt læringsmiljø og kap. 9a, enkeltvedtak og forvaltningskompetanse, vurdering for læring, ordensreglement, tilpassa opplæring og spesialundervisning. Frå neste skuleår skal også skulane ved rektor rapportere på arbeidet med elevane sitt skulemiljø. Denne rapporten tar utgangspunkt i ei eigen vurdert gjort i verktøyet Reflex.

## 4.4 Utviklingsarbeid – lokale og overordna satsingar

### 4.4.1 Dei Utrolige Åra (DUÅ)

Lindås kommune har dei siste åra intensivt arbeidet med DUÅ. Hovmålet med satsinga er å fremje godt samspel barn imellom og mellom barn og vaksne. Tilsette i kommunale skular og barnehagar har hatt opplæring. Foreldre kurset er godt forankra og blir gjennomført kvart år. Fleire tilsette tar utdanning/kurs for å drive grupper og gje rettleiing.

I 2017 oppretta vi ein koordinator for arbeidet med DUÅ, for å sikre kontinuitet og felles drift etter den første runde med implementering.

Vi er no i gang med å formalisere samarbeidet med DUÅ sentralt i større grad enn tidlegare, fastsetje eit mandat for arbeidet og etablere samarbeidsform mellom barnehage, skule, helsestasjon og PPT, som alle er involvert i utviklingsarbeidet.



### 4.4.2 Ressursteam i barnehage og skule

I 2017 har vi starta opp med ressursteam i barnehagane også, tilsvarande som i grunnskulane våre. Ressursteama har fokus på å fange opp og følgje opp born og elevar som treng støtte og tiltak for å kunne få tilfredsstillande utbytte av innhaldet i barnehagen og opplæringa i skulen. Ressursteama har representantar frå leiinga, kontaktlærar, PPT og helsesøster etter behov.

Ressursteama skal kvalitetssikre arbeidet med analyse av observasjonar og kartleggingar, samt sikre iverksetjing av tiltak ved behov for tilrettelegging og tilpassa opplæring. Kort sagt skal ein gjennom arbeidet i ressursteam bidra til tidleg innsats og god tilpassa opplæring, ut frå ein tanke om at god tilpassa opplæring fører til reduksjon i behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehage og spesialundervisning i grunnskulen.

Gjennom arbeidet i ressursteama har ein fokus på å leggje til rette for at barn og elvar i størst mogleg grad får tilbodet sitt innafor rammene av den ordinære gruppa, det kan vere ei avdeling i barnehagen eller ein klasse i skulen.

Nokre skular har no også etablert helseteam, og då blir det i hovudsak desse teama helsesøster deltek i. helseteam har fokus på elevane si psykiske helse og trivsel i skulen.

### 4.4.3 Foreldresamarbeid – Etablering av kommunalt foreldreutval for barnehage og skule

Hausten 2017 etablerte Lindås kommune eit kommunalt foreldreutval for barnehage og grunnskule. Med dette får kommunen ein arena for medverknad frå føresette både i private og kommunale barnehagar og grunnskular.

I møta som har vore gjennomført i 2017/18 har representantane fått informasjon om kommunale satsingsområde for barn og unge i kommunen, kome med innspel til forbetningsarbeid og tilbakemeldingar på praksis i kommunen. Tema som har vore handsama er mellom anna digitalisering og pc-dekning i skulane, måltider i SFO, mobbing, mobilbruk i skulen, symjeopplæring, trafikk situasjonen og gjennomføring av årsmøte.

Kommunalt foreldreutval har også gjennomført ei undersøking rundt måltider i SFO, og vil følgje dette opp i skuleåret 2018/19.

### 4.4.4 MOT

Det har vore arbeidd godt med MOT i Lindås i mange år, noko også tilbakemeldingar frå ungdommane fortel oss. MOT-besøka på ungdomsskulane er populære, og våre coachar er gode på å dele MOT sine tre verdiar med ungdommane: MOT til å leve, MOT til å bry seg og MOT til å seie nei.

Elevane i ungdomskulen møter MOT tidleg i 8. klasse, gjennom programmet «Robust ungdom 12-16». Sjå innhald i dette programmet i biletet til høgre.

Med avtalen «Skulen som samfunnsbyggjar» involverer vi alle tilsette i skulen i dette arbeidet, i tillegg til idrett, kultur og andre samarbeidspartar. Med dette står kommunen sterkare i arbeidet med å inkludere alle i fellesskapet.

Som ein del av denne avtalen fekk skuleleiarane i april besøk av Rune Bratseth, som snakka om leirolla, hans motivasjon for å vere med å etablere og drifte MOT. Vi fekk også høyre om hans erfaringar som fotballspelar. Eit nært og fint møte.

Avtalen inneber også å utdanne ungdommar til å vere motivatorar, og om lag 5 % av elvane på 9.trinn får denne utdanninga. I år var kurset på Austevoll, og nok ein gong fekk vi heim ein flokk med toppmotiverte ungdommar. Vi er både stolt og kry over arbeidet med MOT som blir utført i kommunen, både frå dei tilsette på skulane, MOT-coachane, ungdommane sjølv og det politiske engasjement som kjem frå kommunestyret.

### 4.4.5 Språkkommune

Frå hausten 2017 har oppvekstsektoren utvikla ein strategi for språk, lesing og skrivning i kommunen. Dette er ein del av arbeidet med å bli ein språkkommune. Språkkommunesatsinga er ei nasjonal satsing initiert av Utdanningsdirektoratet, og vi fekk etter søknad plass i pulje 2.

#### **INNHOOLD I PROGRAMMET "ROBUST UNGDOM 12-16":**

1. Skoleleder ønsker MOT
2. MOT-koordinator har eierskap og P-UMO
3. Fremragende MOT-coacher
4. Utdanning
5. 12 MOT-økter á 120/150 minutter
6. Ung MOTivator utdanning, ca. 5 % av 9.trinn
7. Ung MOTivator tre MOT-økter til 7. klasse 20/150/20 min.
8. Kickstart første skoledag, inspirasjonstale, oppvarmingar, lærerinfo
9. 40 min. MOT-informasjon til foresatte
10. MOT til å glede-dagen
11. MOT Forever
12. Andre suksessaktiviteter, både sterkt anbefalt og muligheter

*Kan inneholde data under publiseringsgrense.*

I strategien har vi definert møteplassar og nettverksgrupper for å sikre medverknad i utarbeiding av strategien samt implementering. Kvar barnehage og skule har etablert ei utviklingsgruppe som har ansvar for prosessen i eiga avdeling, og det er gjennomført samlingar i kommunal regi for utviklingsgruppene. I dei kommunale samlingane er også SFO-leiarane med, noko som har vore svært positivt for samarbeidet rundt overgang barnehage-skule. Nettverk for pedagogar er også etablert, då organisert etter ungdomsskulekrinsane.



Døme på arbeidsform i nettverka:

### Møtestruktur

1. Utforskande samtale med utgangspunkt i erfaringar og utprøvd praksis sidan sist nettverksmøte.
2. Temaframlegg, modellering, fagleg innhald og liknande. Til dømes bruk av ressursen «Språkløyper».
3. Arbeid med tema mellom skular og mellom barnehagar, eller mellom skule og barnehage.
4. Arbeid internt der ein planlegg prosessar i eigen barnehage/skule til neste gong.

Så langt får vi gode tilbakemeldingar på dette arbeidet. Møteplassar for pedagogisk utviklingsarbeid har vore etterspurt frå fleire hald. Frå januar 2019 skal arbeidet som pråkkommune over i drift, og vi må syte for at arbeidet blir vidareført også etter prosjektperioden.

## 4.4.6 Betre læringsmiljø

Frå januar 2018 har Meland, Radøy og Lindås samarbeida kring prosjektet Betre læringsmiljø. Dette er eit tema som først var forankra i Kvalitetsplanen for oppvekst i Lindås kommune, men som det vart naturleg å samarbeide med Radøy og Meland om.

Hovudmålet for prosjektet er **«Heilskap og system i arbeidet med å skape gode læringsmiljø i barnehage og skule»**. Fase 1 er sett frå januar 2018 til juni 2019, og har følgjande delmål:

### 3.3 Delmål i fase 1

Gjennom fase 1 er det ei målsetting at prosjektet skal ha

- synleggjort ståstad i høve til heilskap og system i førebyggjande arbeid med å skape gode læringsmiljø i barnehage og skule i Meland, Radøy og Lindås
- synleggjort sentrale dimensjoner, prinsipp og verdier i arbeid med å skape gode læringsmiljø på evidensbasert kunnskap
- utarbeidd forslag til standard for førebyggjande arbeid med å skape gode læringsmiljø i barne og skular i Alver kommune
- identifisert utviklingsbehov for å fremme samsvar mellom ståstad og standard
- levert ei grunnleggjande tilråding i høve til bruk av program

Arbeidsgruppa hentar i desse dagar inn praksisforteljingar som synleggjer vaksenrolla, relasjonsarbeid og system som bidrar til gode læringsmiljø, og



### Fasar i prosjektet

**Fase 1** Aug 18 – Jun 19

Etablering, kartlegging, standard og tilråding

**Fase 2** Aug 19 – Jun 20

Kompetanseutvikling for tilsette. Systemarbeid.

**Fase 3** Aug 20 – Jun 21

Implementering i barnehagar og skular

Ein tar atterhald om igangsetting av fase 2 og 3.

*Kan inneholde data under publiseringsgrense.*

inviterer seg inn til eit utval av barnehagar og skular. Arbeidsgruppa er på leit etter god praksis i våre tre kommunar, skissert i tre punkt:

1. På leit etter ønska praksis ut frå gjeldande føringar og aktuell forskning
2. På leit etter god, etablert praksis i barnehage og skule
3. På leit etter gode system

Prosjektgruppa arbeider godt saman, og vi ser fram til å sjå resultatet frå fase 1.

## 4.4.7 Symjeopplæringa i kommunen

23.januar 2018 fatta Levekårsutvalet følgjande vedtak:

### LE - 003/18 VEDTAK:

1. Lindås kommune held fram med kartlegging av elevane sine symjeferdigheiter etter 4.trinn.
2. Levekårsutvalet får ei orientering om status etter kartlegginga som er gjort skuleåret 2017/18 hausten 2018. Orienteringa skal også synleggjere korleis skulen følgjer opp elevar på 5.-10. trinn som ikkje har tilfredsstillande ferdigheiter i symjing, samt tiltak som er sett i verk for å sikre eit meir likeverdig symjetilbod i kommunen.
3. Levekårsutvalet ber rådmannen greie ut om lag/organisasjoner kan gjennomføre symjeundervisning/kurs i kommunen sine basseng.

Våren 2018 har det vore jobba med tiltak for å sikre elvane ei meir likeverdig symjeopplæring. Levekårsutvalet har nyleg fått orientering om arbeidet som er gjennomført i høve til symjeopplæringa, og følgjande lysbilete illustrerer ein del av dette:

Elevane sin kompetanse i symjing blir kartlagt i samband med den obligatoriske ferdigheitsprøven i symjing på 4. trinn. I Lindås kommune blir resultatet av denne kartlegginga lagt inn i Conexus engage, noko som gjer at lærarane som har ansvar for symjeopplæringa kan registrere elevane si utvikling ved bruk av øvingar fram mot ferdigheitsprøven. Her ligg framlegg til øvingar på alle trinn i grunnskulen, og øvingane er henta frå rettleingshefte som er utarbeidd i regi av

Utdanningsdirektoratet. Skuleeigar kan hente ut oversyn over resultat på skulenivå etter fullført prøve på 4. trinn.

Resultat etter gjennomført kartlegging i vår, syner at 74,3 % av elevane på 4. trinn kan/er på god veg i forhold til symjing, medan 21,5 % av elvane må øve meir. Det var 4,2 % av elevane som ikkje vart testa i vår, og det kan vere ulike grunnar til det (sjukdom, anna fråvær, manglande tid i basseng eller liknande). Eitt av krava til elevane på 4. trinn i høve til symjekompetanse er skissert under:

### Kva har vi gjort?

- Har tilbydd gratis symjekurs til elevar i 3.klasse på Lindås b og Leiknes vår -18
- Har tilbydd gratis symjekurs til alle barnehagar og SFOår i sommar (med 11 mnd opningstid) i kommunen
- Fordelt tid i bassenga mellom alle skulane
- Tilsett symjeinstruktør som skal gjennomføre opplæring, livredningskurs og kompetansetiltak for tilsette
- Tilbyr gratis symjekurs i haustferien (barnehage/SFO)

EIN BETRE KOMMUNE

LINDÅS  
2019

<b>Obligatorisk ferdighetsprøve</b>
<b>Obligatorisk øvelse 7 - svømmedyktig:</b> Eleven skal kunne falle uti på dypt vann. Svømme 100 m på magen og underveis dykke ned og hente en gjenstand med hendene. Stoppe og hvile (imens flyte på mage, orientere seg, rulle over, flyte på rygg) samlet i tre minutter. Deretter svømme 100 m på rygg og ta seg opp på land.

Arbeidet med å sikre likeverdig og høg kapasitet på symjeopplæringa i kommunen held fram også neste skuleår. Eit viktig moment her er å bruke bassenga mest mogleg, slik at ikkje basseng står tomme delar av dagen når vi kunne hatt symjeopplæring.

## 5. Vaksenopplæringa

### 5.1 Spesialundervisning for vaksne, opplæringslova §4A-2:

Undervisninga er heimla i opplæringslova §4A-2:

*Rett til spesialundervisning på grunnskolens område*

*Vaksne som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne, har rett til spesialundervisning.*

*Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik, har rett til slik opplæring.*

Lindås Kommune fekk pålegg om endring av spesialundervisninga for vaksne frå fylkesmannen tidleg på 2010-talet. Undervisninga er organisert av Læringsssenteret. Etter pålegget frå fylkesmannen har Læringsssenteret i lag med PPT arbeidd med ei strukturell endring for denne opplæringa.

I første omgang vart eksisterande saker gjennomgått, og det vart gjort sakkunnige vurderingar frå PPT i kvar enkelt tilfelle. Undervisninga gjekk frå å retta seg mot grupper til å retta seg mot opplæring etter individuelle behov og opplæring i grunnleggjande ferdigheter.

Dei siste to åra har endringa gått eit steg vidare, ved at det på same måte som i grunnskule, vert meldt inn eit behov til ressursteam, der det vert gjort ei vurdering om tilmeldinga representerer eit opplæringsbehov eller om andre tenestemåtar skal koplast inn i saka.

Saka får då oftast tre ulike utfall:

1. Vedkomande som søker hjelp blir rettleia vidare til rett teneste for å få hjelp, f.eks helseteneste dersom behovet er behandling heller enn opplæring.
2. Det blir tilrådd undervisningstimar til opplæring i konkrete grunnferdigheter for ein periode.
3. PPT tilrår systemisk rettleiing av personale i boligar og andre kring tenestemottakar for samkøying av arbeidsmåtar.

Vaksenopplæringa i Lindås utgjer ikkje eit stort antal årstal undervisningstimar. Vurderinga av vaksenopplæringa baserer seg i stor grad på tilbakemeldingar frå tilsette ved boligar i Lindås kommune og vurderingar av effekt som er gjort i ressursteam.

Ein har dei to siste åra hatt i underkant av ti saker. Opplæringa har hatt utgangspunkt i følgjande område:

1. Kommunikasjonsferdigheter og opplæring i alternativ supplerande kommunikasjon.
2. Opplæring i digitale verktøy og grunnleggjande digital kompetanse.
3. Grunnleggjande lese- og skriveferdigheter.
4. Opplæring i sosiale ferdigheter og verktøy for menneske med autismespekterforstyrrelse.
5. Oppretthalding av mobilitet/ motoriske ferdigheter.



Eit hovudkriterium for målretta vaksenopplæring er at undervisninga som blir gitt skal gjera ein vesentleg forskjell i livet til mottakaren.

## 5.2 Vaksenopplæring for innvandrarar

Lindås Vaksenopplæring flytta frå Promenaden i senteret til «Geco-bygget» skuleåret 17/18 og gjev som før norskundervisning til vaksne innvandrarar og grunnskuleundervisning for vaksne

Lindås Vaksenopplæring har tilbod til alle innvandrarar busett i Lindås, Meland og Radøy. Elevar frå andre kommunar enn desse tre, får tilbod dersom kommunen dei bur i ikkje kan gje tilsvarende tilbod.

Deltakarar (busett i andre kommunar) kan velje å gå på skule i Knarvik, om dei sjølv betaler for undervisninga uavhengig av rettigheitar.

Lindås vaksenopplæring har både dag og kveldsundervisning.

### 5.2.1 Grunnskuleopplæring for vaksne

Personar over 16 år som ikkje har fullført grunnskule, tilsvarende 10-årig norsk grunnskule, har rett på gratis grunnskuleopplæring.

Elevane har 30 skuletimar i veka, og dei har opplæring i 5 fag (norsk, engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag). Målet er å gjennomføre ungdomsskulepensum på to år.

Undervisninga er tilpassa forkunnskapen til elevane som kan variera frå analfabet til god allmennkunnskap, men manglande norskkunnskapar. Det er derfor to løp:

Førebuande grunnskule er opplæring med pensum frå barnetrinnet. Dei får ofte opplæring i engelsk, matematikk og ikt i kombinasjon med norskopplæring.

Eksamensretta grunnskule: eit løp på to år med faga norsk, engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag (ungdomsskulepensum). Dei tek grunnskuleeksamen og får vitnemål.

### 5.2.2 Norskopplæring for vaksne innvandrarar

Vaksne innvandrarane er delt i to grupper i forhold til norskopplæring. Den eine gruppa er flyktningar i introduksjonsprogram og innvandrarar som får familiegjenforening med norske statsborgarar. Dei har rett og plikt til opplæring:

Plikta er på 550 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap. Dei kan ha rett på inntil 3000 timar ved behov.

Den andre gruppa er personar som kjem til Noreg fordi dei har arbeid her. Desse har plikt til 250 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap.

Arbeidsinnvandrarar frå EU-land må betale for norskopplæringa sjølv.

### 5.2.3 Elevtal fordelt på kommunar og type opplæring

Kommune	HAUST 2016		VÅR 2017		HAUST 2017		VÅR 2018	
	NORSK	GRUNN-SKULE	NORSK	GRUNN-SKULE	NORSK	GRUNN-SKULE	NORSK	GRUNN-SKULE
Lindås	113	30	105	18	94	10	105	9
Meland	62	9	70	12	64	14	70	12
Radøy	71	8	54	7	43	3	47	3
Austrheim	4	1	5	3	4	2	6	2
Masfjorden	3	-	6	-	3	-	2	-
Modalen	1	-	1	-	1	-	1	-
Gulen	1	-	1	-	-	-	-	-
Bergen	4	-	6	-	12	-	10	-
<b>Totalt</b>	<b>259</b>	<b>48</b>	<b>248</b>	<b>40</b>	<b>221</b>	<b>29</b>	<b>241</b>	<b>26</b>

*Kan inneholde data under publiseringsgrense.*

Norskgruppene er inndelt både etter skulebakgrunn frå heimlandet (Spor 1- 2- 3) og norsknivå (A1 – A2 – B1 – B2).

## 5.2.4 Norskprøvene

Vaksenopplæringa arrangerer norskprøvar for heile Nordhordland og Gulen.

Prøvene er obligatoriske for alle som har fått opphald etter 1. september 2013 og som har rett og plikt til opplæring.

Frå 1. januar 2017 er det eit krav for å få norsk statsborgarskap at ein har bestått norskprøve på minimum nivå A2 munnleg. For å få permanent opphald (opphald for fem år utan å søkje kvart år) må ein ha bestått minimum nivå A1 munnleg.

Dei munnlege prøvene skal gjennomførast med både eksaminator og sensor, lik kjent praksis for munnleg eksamen for grunnskuleelevar.

Nivå	Haut 2016 Tal kandidatar	Mars 2016 Tal kandidatar	Vår 2017 Tal kandidatar	Haut 2017 Tal kandidatar	Mars 2017 Tal kandidatar	Vår 2018 Tal kandidatar
A1 – A2	10		36	16	4	39
A2 – B1	14		46	24	8	43
B1 – B2	8		25	9	7	14
munleg	28	6	114	70	19	116
	60	6	221	119	38	212

### Arbeid vidare:

Dei nye krava om å bestå norskprøve på minimum A1 nivå munnleg for å få permanent opphald og minimum A2 nivå munnleg for å få statsborgarskap, har ført til at det frå 2019 vert arrangert norskprøvar 4 gonger i året (mars – mai/juni – sept - des). Auken i elevar som gjekk opp til munnlege prøvar frå førre skuleår var på 82 (tabellen over). For å kvalitetssikre prøvene som har store konsekvensar for kandidatane, skal lærarane ta ei sensorprøve som inneheld både teoridel og vurderingsdel.

## 5.2.5 50-timar samfunnskunnskap på eit språk deltakarane meistrar godt

Vaksenopplæringa har arrangert kurs i 50-timer samfunnskunnskap på engelsk, og når det er mange nok elevar har vaksenopplæringa også arrangert kurs på thai. For andre språk får deltakarane kurset på Nygård skule i Bergen.

Kurset er obligatorisk for dei med rett og plikt til opplæring.

Samfunnskunnskapspørve etter avslutta kurs er obligatorisk.

Frå 1. januar 2017 er det obligatorisk å bestå samfunnskunnskapspørva på eit språk ein forstår, for å få permanent opphald. For statsborgarskap må ein bestå spørva på norsk eller bestå statsborgerskapsprøva.

Samfunnskunnskapspørvar:

Haut 2017	Vår 2018
65 kandidatar	80 kandidatar

Prøvene vert arrangert fortløpande.

### Eigenvurdering

Det var ein svak nedgang i tal elevar frå året 16-17 til 17-18. Denne nedgangen ser ut til å halda fram også inneverande skuleår. Vaksenopplæringa tilpassa seg stadig og raskt variasjonen og endringa i type elevar gjennom skuleåret. Grupper vart lagt ned eller nye oppretta i løpet av året etter kvart som tal



elevar auka eller minka. Skulene meistra å gje elevane tilbod om opplæring ut frå sine behov og rettår utan at dei måtte venta lenge. Alle pålagde prøvar har vore gjennomført utan klage på Vaksenopplæringa, men det har vore til dels store vanskar med det nasjonale datasystemet og fleire elevar har hatt dårlege forhold ved gjennomføring av prøvar på grunn av det.

## 6 Konklusjon

Skulane i Lindås har arbeidd godt i forhold til målsetjingane som kjem til uttrykk gjennom lov, reglar og planverk og ut frå endringar i rammene for lærarårsverk året 2017-18 med nedtrekk på 5 stillingar. For barnetrinnet gjorde det ein vesentleg positiv skilnad å få statlege midlar til Tidleg innsats

Ved hjelp av systematisk arbeid på skulenivå, skulering av skuleleiarar og godt samarbeid mellom lærarar og elevar, og lærarar og foreldre, har Lindås betra seg på indeksane som gjeld læringsmiljø på barnetrinnet. Spesielt gledeleg for skulane og dei tilsette er det at elevane vurderer *støtte frå lærarane* høgare enn før. Det er også godt at mobbinga målt på 7. trinn har gått mykje ned sidan året før, og arbeidet med å få tala ytterlegare ned held fram slik det er fortalt om i rapporten i punkt 2.2.3 og under satsingsområda i kapittel 4.

Frå 1. august 2017 vart det innført endring i Kap 9a -1 og 3 i opplæringslova. Implementering av krava som gjeld starta første skuledag på alle skulane i Lindås.

Det vart slutt på enkeltvedtak, men **aktivitetsplikt** var eitt av dei nye krava kvar tilsett og kvar rektor måtte forhalde seg til. Manglar det tiltak for å få slutt på situasjonen, går saka vidare til Fylkesmannen som då tek kontakt direkte med skulen. Alle tilsette skal reagere kjapt og det skal gjerast noko med situasjonen utan ugrunna opphald når born eller foreldre melder frå om at nokon ikkje trivst, er redd, vert krenka/mobba, er einsam eller anna. Lindås kommune har ikkje hatt saker der Fylkesmannen har vore i direkte samhandling med skular, men Fylkesmannen har gitt råd i fleire saker

Nokre av sakene ender med at elevar søker om å få byte skule. I slike saker går skuleeigar ekstra inn i saka og undersøker kva skulen har gjort for å betre trivselen til eleven.

Skulen skal ha både eit individuelt og eit samfunnsretta perspektiv. Lindåsskulane si satsing på å lære elevane å bli medvitne og kreative borgarar som tek aktivt del i samfunnet, kjem til uttrykk lokalt gjennom skulesamlingar med program, foreldrekveldar, musikalar, trafikksikringskveldar, elevbedrifter, valfaget *Innsats for andre*, og gjennom deltaking i prosjekt og konkurransar. Lokalavisene er flinke å dekkja det som går utover skuletida og det kjennest godt for både elevane, dei tilsette, foreldre og skuleeigar.

Det området Lindås har som mål å betra spesielt i åra som kjem, er resultat i grunnleggjande ferdigheiter på barnetrinnet. Resultata frå eksamen og grunnskulepoenga viser at mange elevar arbeider svært godt på ungdomsskulen og tar att i forhold til svake grunnleggjande ferdigheiter frå tidlegare år. Likevel veit vi at det hadde vore lettare for dei om dei hadde hatt betre grunnleggjande ferdigheiter frå barnetrinnet. Elevane på ungdomstrinnet som uttalte seg om kvfor motivasjonen kan vera låg sjølv om dei hadde det godt og trivdest, nemnde arbeidspress og resultatpress som ei årsak.

Arbeidet med resultat er starta med konkrete tiltak for dei yngste i lesing. Framgangen i lesing 1. trinn på kartleggingsprøvene tyder på at ein har lukkast godt i begynnaropplæringa slik at fleire elevar har ein solid grunnmur frå lesopplæringa på 1.trinn. Satsinga på *tidleg innsats* og *STYRK* er sentrale i denne framgangen og vil halda fram også for elevar på mellomtrinnet. Skulane opplever at dei er på rett veg for å betra resultat. Eit av tiltaka til Lindåsskulen neste år for å betre læringsutbytte på individnivå er strukturerte arbeid av skuleleiarane med oppfølging av læringsarbeidet i klasseromma, støtta av PPT og staben under oppvekst.

Skidag på Ostereidet ungdomsskule vinteren 2018

